



Statens vegvesen

Veidekke Entreprenør AS
Odd Einar Elvebakke
Postboks 506 Skøyen
0214 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:
2015/006786-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.01.2015

Statens vegvesen sitt svar på søknad om utvida bruk av avkøyring - gnr. 136 bnr. 2 i Kvanndal i Granvin herad

Vi syner til dykkar søknad mottatt 15.01.2015.

Avkøyrslø:

Med heimel i Veglova §§ 40-43 godkjenner vi avkøyrslø fv 7 hp 12 ved km 0,390 til eigedomen gnr. 136 bnr. 2 i Granvin herad. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse.
2. Løvet gjeld berre for bruk av avkøyrslø til følgjande føremål: Midlertidig utvida bruk til bustadrigg og kjøkkenrigg frå 01.02.2015 til maksiamlt ut år 2016. Riggane vert sett opp i samband med bygging av tunnel forbi Lussand.
3. Krav til frisikt 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 72 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkøyrslø må vere minimum 72. Det skal ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5 m i planet mellom avkøyrslø og fylkesvegen.
4. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrslø i den stand det er sett krav til i vilkåra.

Byggjegrøse:

Det vert med dette gjeve dispensasjon frå byggjegrøsa ved fv. 7 hp 12 km 0,335.

Dispensasjonen gjeld for oppføring av bustadrigg og kjøkkenrigg i samband med bygging av tunnel forbi Lussand. Avstanden vert sett til 23 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 136 bnr. 2 i Granvin herad.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrøser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d. Dispensasjonen er midlertidig og gjeld i perioden då tunnel forbi Lussand vert bygd, og maksimalt ut året 2016
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef



Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Granvin herad
Hordaland fylkeskommune